
Vår referanse 2021/17891-3
Dato 04.05.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon - Fritidsbustad - Fv. 5476 Lurevegen - Gnr 58 bnr 151 - Lygre indre - Alver kommune

Vestland fylkeskommune som samferdslemynde viser til brev mottatt 13.04.2021. Frist for uttale er 11.05.2021.

Kva saka gjeld:

Alver kommune ber om uttale til søknad om dispensasjon frå arealføremål for å oppføre fritidsbustad og tilkomstveg på gnr. 58 bnr. 151, Lygra Indre i Alver kommune.




Fig: Del av Kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (t.v.). Omsøkte tomt markert med blått kryss. Flyfoto av området (t.h), omsøkte tomt er markert med blå skugge.

Planstatus:

Alver kommune opplyser at egedomen er avsett til LNF - føremål jf. *Kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra (2015)*.

Saksgang:

Vestland fylkeskommune uttalar seg som samferdslemynde i dette brevet. Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklara etter plan- og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg til saker som vedkjem vårt saksområde jf. Pbl. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale:

Egedomen ligg langs fv. 5476 Lurevegen. Fartsgrensa på staden er 80 km/t, men vert redusert til 50 km/t like nord for avkøyrslpunktet. Årsdøgertrafikk er 200 køyretøy. Strekinga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan (2021 - 2024)*. Fylkesvegen er svært smal på denne strekinga, med berre eit køyrefelt. Det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar, men avkøyrsla ligg i tilknytning til ein busshaldeplass.

Før det vert gjeve løyve til bygging, er det behov for eit avkøyrsløyve. Søkjar opplyser om at det føreligg eit førehandstilsegn for opparbeiding av avkøyrsla frå 1997. Dette er ikkje lagt ved søknaden, og det er heller ikkje lagt ved bruksløyve for avkøyrsla. Det kjem ikkje fram om løyvet gjaldt for tomta det no skal byggjast på. Samstundes har vi mottatt søknad om utvida bruk av avkøyrsla i eigen søknad frå søkjar, datert 14.04.2021. Vi legg difor til grunn at vi skal handsame denne. Denne vert likevel ikkje handsama før kommunen har tatt stilling til dispensasjonssøknad frå arealføremålet.

Rammeplanen er retningsgjevande for korleis vi handsamar ein søknad om avkøyrsløyve. Fylkesvegen er ein lokalveg der det vanlegvis vert gjeve løyve til utvida bruk av avkøyrsla dersom dei tekniske krava kan oppfyllast. Vi har ikkje vore på staden og vurdert avkøyrsla i dette tilfellet. Basert på kart og vegbilete er dette ei avkøyrsla vi vil stille krav om utbetring før det eventuelt vert gjeve løyve til utvida bruk. Det vil særleg vere relevant å vurdere siktforhold i avkøyrsla.

Vestland fylkeskommune er generelt kritisk til bygging som ikkje er i samsvar med plan. Vi meiner det må påreknast meir utbygging i området, basert på plansituasjonen, der SB5 er avsett til spreidd utbygging. Fylkesvegen har låg standard og strekninga er nedbygd over tid. Det er no lagt til rette for utbygging på begge sider av fylkesvegen, og det har danna seg avkøyrslar tilsvarande eit x-kryss. Dette er ei uheldig og lite trafikkisikker løysing. Vi meiner kommunen bør stille krav om regulering av området før det vert gjeve nye løyve til utbygging, for å legge til rette for ei heilskapleg utbygging av området. .

Byggjegrænse langs veg kjem av føresegn 1.4 til kommunedelplan, som fastslår ei byggjegrænse på 15 meter frå vegmidte. Vi har ikkje merknad til dette.

Sluttord:

Før det vert gjeve løyve til bygging skal det ligge føre eit godkjent avkøyrsløyve. Dersom søkjar ikkje kan dokumentere eit slikt løyve, må det søkjast på ny.

Vestland fylkeskommune er kritisk til utbygging i strid med godkjent plan. Fylkesvegen har dårleg standard på denne strekninga, og vi meiner det er behov for å sjå på utvikling og utbygging gjennom ein heilskapleg reguleringsplan for området.

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak tilsendt for klagevurdering.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeiør

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND AVD
BERGEN

Kaigaten 9